

Kva område var Strinda?

Av Halvard Bjørkvik

Emnet

Redaktøren av *Årbok for Strinda historielag* kontakta meg med eit ønskje om ei utgreiing om Strinda i eldre tid - kor stort geografisk område Strinda dekte, når namnet vart brukt som stadnamn og/eller i administrativ og judisiell samanheng. Eg svara ja under tvil.

Eg er ikkje lokalkjend i området og har aldri arbeidd spesielt med Strindas historie, og Trøndelags eldre historie kjenner eg berre frå Kongesagaene og frå vanlege historiske oversikter. Men eg har arbeidd med jordeigedomshistorie og har studert i detalj korleis krongodset og det katolske kyrkjegodset var samansett, og på den måten har eg fått ein viss kjennskap både til Strinda og til bygdene ikring.

For eldre namneformer viser eg til O. Ryghs standardverk *Norske Gaardnavne* (NG) bd.14, s. 337. Når det gjeld den administrative inndelinga i seinare tid – herad og sokner – held eg meg til dette verket, like eins når det gjeld skrivemåten av gardsnamna. Hovudkjelda mi er *Aslak Bolts jordebok* (AB) frå ca. 1430, og i tillegg dreg eg inn *Olav Engelbrektssons jordebok* (OE) frå ca. 1530, *Gautes jordebok* (Gaute) frå ca. 1490 og *Diplomatarium Norvegicum* (DN).

Kjeldene blir nærare omtala i ei eiga ramme.

NG er forsiktig når det gjeld tolkninga av stadnamnet Strinda, men held det rimeleg at utgangspunktet er topografien: "Navnet maa vel forstaaes i en af de af Aasen anførte Betydninger: Strimmel, Stribe." NG gjer ikkje anna enn å visa til dette og legg til at "her har vel Navnet fra først af tilhørt den Del af Bygden, som ligger langs Fjorden". Det er naturleg å tenkje seg at namnet Strinda har sitt opphav frå sjøfarande på veg inn Trondheimsfjorden. Men før vi kan ta stilling til om Aasens tolking er rimeleg, må vi først få klårlagt kor vidt det historiske Strinda strakte seg. Namnet kjem eg tilbake til heilt mot slutten.

Namnet Strinda blir i kjeldene brukt med ulikt tydningsinnhald:

- Som stadnamn, namn på eit geografisk avgrensa område.
- Som namn på ei lokal, administrativ eining (herad, tidlegare tinglag).
- Som namn på prestegjeld.
- Som namn på eit fylke. Strindafylket var eitt av dei 8 fylka i det historiske Trøndelag.
- Som namn på eit len. Strinda len var ei administrativ eining i seinmellomalderen og tidleg nytid.

Norske Gaardnavne (NG)

er eit landsdekkjande verk i 21 band – eitt band (eller to halvband) for kvart fylke (amt) og eit innleiings- og eit registerband i tillegg. Første band kom i 1897, registerbandet i 1936. For kvart fylke inneheld verket heradsvise oversyn over alle eksisterande gardar, med gardsnummer etter matrikkelen, offisielt namn med lokal uttale, eldre namneformer med oppgåve over kjelder der garden er omtala og med namnetyding eller forsøk på namnetyding. Verket gjev også opplysningar om kyrkjeleg inndeling i prestegjeld og sokner. I tillegg til dei eksisterande gardane/gardsnamna er det også teke med forsvunne gardsnamn med oppgåve over kjelder der namnet finst. *Norske Gaardnavne* er eit imponerande verk som er til uvurderleg hjelp for alle som arbeider med lokalhistorie, ikkje berre gardshistorie. Det var arkeologen, historikaren og namnegranskaren Oluf Rygh (1833-99) som la planane for verket og var ansvarleg for den omfangsrike innsamlinga og tilrettelegginga av materialet, men han rakk berre å fullføre tre band. Andre forskarar førte Oluf Ryghs verk vidare. *Norske Gaardnavne* er tilgjengeleg på internett - adresse: http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html

Aslak Bolts jordebok (AB)

gjev oversyn over det omfangsrike jordegodset til erkestolen i Nidaros. Erkebiskopen var landets største jordeigar med eigedomar både i Nord-Noreg og Sør-Noreg, størst konsentrasjon i Trøndelagsbygdene og på Nordvestlandet. Aslak Bolt (ca. 1375-ca. 1450) kom til Trondheim som erkebiskop 1428 og sette i gang arbeidet med jordeboka like etter. Jordeboka fortel ikkje berre om erkestolens jordegods og Aslak Bolt som godseigar, men er i tillegg ei viktig kjelde til kunnskap om administrativ inndeling og økonomiske tilhøve i seinmellomalderen. Det blir opplyst om den aktuelle garden var i drift eller låg øyde, kor stor avgift (landskyld) som årleg skulle betalast, svært ofte kor høg landskylda hadde vore tidlegare. På den måten kan jordeboka nyttast til å konkretisera verknadane av agrarkrisa etter svartedauden (1349-50). *Gaute Ivarsson* (ca. 1440-1510), erkebiskop frå 1475) og *Olav Engebretsson* (ca. 1480-1538, erkebiskop frå 1523) arbeidde også ut jordebøker som blir omtala i teksten (Gaute og OE).

Diplomatarium Novegicum (DN)

inneheld norske brev frå mellomalderen (før ca. 1560). Første bandet kom i 1847, og førebels har det kome 22 band, det tjuetredje er under arbeid. Verket er ikkje kronologisk. Eit kronologisk verk, *Regesta Norvegica*, er for tida under utgjeving. Verket inneheld korte samandrag av dei norske breva og tek i tillegg med utanlandske brev der Noreg eller norske forhold er omtala. Verket har kome fram til 1419 (band 1-9). Begge kjeldene ligg på internett - adresser:

Diplomatarium Norvegicum: http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html

Regesta Norvegica: http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/regesta_felt.html

- Som namn på eit futedøme eller fogderi. Vi kan seia at futedømet avløyste lenet som administrativ eining.
- Også brukt i andre samanhengar, til dømes som namn på eit sorenskriveri eller eit sorenskrivarembete.

På kvart einskilt punkt blir spørsmålet: Kor stort område dekte namnet?

Á Strind (på Strinda)

Kor vidt geografisk område stadnamet Strinda dekte, går ikkje direkte fram av kjeldene, men AB gjev faste haldepunkt for å kunna avgjera eller sannsynleggjera det. I Trøndelag bokfører erkebiskopen eigedomane sine fylkesvis, og Strindafylket deler han inn i fire avdelingar: *J Lexowik, á Frosto, i Aasenom* og *á Strind* (meir om Strindafylket nedanfor). Under overskrifta *á Strind* er innført desse gardane:

Strinda herad, Lade sokn, g.nr.:

- 23-25 Ranem
- 26-27 Være
- 28 Refset
- 29 Reppe
- 31 Valset
- 33 Jervan
- 34 Solem
- 36 Røstad
- 42 Stokkan
- 43 Tømmerholt
- 48 Dragvoll
- 53-54 Moholt
- 59 Berg
- 62 Singsaker
- 66-70 Nardo

- 80-81 Steinan
- 92 Leiren
- 103 Ferstad
- 109 Soleim, på Gauleråsen

Strinda herad, Bratsberg sokn, g.nr.:

- 112 Bjørken
- 117 Randli
- 123 Bruråk
- 125 Digre
- 129 Rossmo
- 134 Engelsås

Malvik herad, g.nr.:

- 1-2 Saksvik
- 7 Haugan
- 8-10 Malvik
- 11-12 Torp
- 13-14 Forbord
- 15 Fjølstad
- 16-19 Leistad
- 21 Aunet
- 22-23 Bjørnstad
- 24 Kvegjerdet
- 35 Hønstad
- 39 Engan
- 42-44 Sandan
- 46 Stav
- 49 Halstad
- 52 Moen
- 57 Håset
- 59 Lien (i makeskifte med abbed Erling, Nidarholm)

Tiller herad, g.nr.:

- 53 Kroppan


Forsvunne/ikkje identifiserte gardar:

- Ofstadbø
- Grænbø
- Finna selin
- Rudi
- Lyseklepp (øyde, under 13-14 Forbord i Malvik)
- Vatzlied
- Haughe
- Kokabudhorn
- Hesteing
- Kotom
- Einangrom
- Beinflatom
- Brekko
- Hegi
- Stokkåse
- Skyås

Av dei forsvunne/ikkje identifiserte gardane knyter det seg særleg stor interesse til Ofstadbø og Grænbø, som truleg var partar av ein gard Bø, By. Dei er plasserte først i oversynet over gardane på Strinda, og slik lista er førd, må garden By ha lege i Malvik. Etter namnet å døma må det ha vore ein gamal sentral gard. Erkebiskopens eigedom i Ofstadbø var på 3 vetter korn og 6 øyrar, bortbygsla for 2 spann, eigedomen i Grænbø på 5 øyresbol bortbygsla for 1 øyre (om landskyldsystemet sjå forklaring i ei eiga ramme). Etter skyldtala å døma vart ikkje garden lagd øyde i seinmellomalderen, men det er ikkje direkte spor etter nokon gard Bø/By i seinare kjelder. Vi finn såleis ikkje garden i OE, som har oversyn over erkebiskopens eigedomar ca. 1530.

Ei innføring heilt mot slutten under bolken á *Strind* seier følgjande: "Merk at vi, erkebiskop Aslak, gjorde dette jordskiftet med herr Erling, abbed i Nidarholm kloster, slik at klosteret her etter skal ha det som erkebiskopen åtte i Åstan [g.nr. 96, 98, 99 i Børssa] og Fjellkjosen [85 i Børssa], og han gav oss tilbake i Øvste By 1/2 markbol, i Medhalby 1 vett og 10 øyresbol og i Lien 2 markbol." Dette må vera partar av den same garden By. Øvste By er truleg same part som Ofstadbø ovanfor, og i tillegg kjem ein tredje part, Medhalby. Ein så stor gard kan ikkje ha forsvunne utan å setja merke etter seg (bortbygsla, altså i drift ca. 1430, ikkje registrert ca. 1530). Den mest naturlege forklaringa må vera at garden har skifta namn. Men har vi haldepunkt for å kunna fastslå eller sannsynleggjera det, slik at det ikkje berre blir ein laus hypotese?

Ei eiga innføring i AB løyser problemet for oss og gjer det mogeleg å plassera den gamle storgarden By. Eit makeskifte som galdt garden Ust (g.nr. 22-23 i Leinstrand) omtalar det som hospitalet åtte i Granby i Hommelvik 'á Strind'. Granby er truleg same part som Grænbø ovanfor. Hommelvik kan her ikkje vera brukt som gardsnamn, men som eit geografisk namn på vika ved utløpet av elva Homla. Granby låg i "Miwlwiik á Strind". Når vi ikkje finn spor etter gardsnamnet By i seinare kjelder, ligg denne slutninga nær: By (Øvsteby, Medalby, Granby) er eit tidlegare namn på garden Hommelvik, 54-55 i Malvik.



Side frå Aslak Bolts jordebok som viser erkebiskopens eigedomar i Strindafylket, avslutning på bolken om Åsen og starten på Strinda (overskrift "A Strindh"). Gardane er innførde med landskyld og kor mykje dei vart bortbygsla for. Gardane på Strinda kjenner vi frå lista ovanfor, alle i Malvik: "Ofstadbø" og "Grænabø", "Mo" (Moen, garden var "aut", altså øyde), "Aslastad" (Halstad), "Rudi" (ikkje identifisert), "Sandom" (Sandan, bortbygsla saman med Rudi). Foto frå Arkiverket.

Det gamle landskyldsystemet

Kvar gard hadde ei offisiell landskyld, og grunnlaget for skyldsettinga var vilkåra for gardsdrift – i gode jordbruksområde som Trøndelag oftast korn- og smørproduksjon, i kystnære område fiske, i fjellbygder huder og skinn. Landskylda viste kor verdfull garden var som produksjonseining og som skatteobjekt. Ein stor del av bøndene var leigendingar. Dersom ein jordleigar – t.d. erkebiskopen – åtte heile garden, tok han inn heile landskylda i avgift, dersom han åtte berre ein part av garden, tok han ein tilsvarende del av landskylda. I delar av landet, m.a. i Trøndelag, var den offisielle landskylda i eldre tid fastsett i mynt – 1 mark = 8 øyrar = 24 ertogar, og gardane var matrikulerte i bol. Ein bonde med ein gard på t.d. 3 merkebol, måtte då betala landskylda si med 3 merker eller helst med varer til ein verdi av 3 merker. Dette systemet vart brote i stykke under agrarkrisa etter den store mannedauden.

Etter krisa vart landskylda kraftig nedskriven, slik som vist for "Ofstadbø" og "Grænbø". Denne siste garden var på 5 øyresbol, men den nye skylda var berre på 1 øyre, altså eit fall til 1/5. Her i Trøndelag feste det seg eit nytt system som var ei blanding av naturalia og mynt. Utgangspunktet var smørspannet (1 spann = 15,4 kilo = 16, 2 liter), og det offisielle landskyldsystemet vart 1 spann = 3 øyrar = 72 penningar. Ein bonde med ein gard på 2 spann kunne då betala landskylda si med 2 spann smør eller med andre varer som svara til 2 spann smør. I 1548 hadde Bård på Mule (Byneset) ein gard på 2 spann, og han måtte ut med 1/2 spann smør, 1 vett (ca. 111 kg) mjøl og 1/2 vett malt.

Dette høver med at Hommelvik som gardsnamn først kom i bruk i börjinga av 1500-talet (NG bd. 14, s. 360), altså 90-100 år etter AB. OE har liste over "Sancte Oluffz jorder paa Strinden", og her er "VMLEUIEICK" oppført to gonger, ein part bortbygsla for 3 spann, ein for 2 spann. Denne oppdelinga i to eigdomspartar speglar sikkert av den gamle oppdelinga av By i Øvstebø osb.

Det vil alltid knyte seg noko tvil til ei registrering som den eg har gjennomført for gardane "á Strind". Namn kan vera missskrivne, det kan vera fleire gardar med same namn, og ein kan koma i skade for å velja feil gard. Til kontroll har eg nytta OE, skattematrikkelen 1647 og

eit par andre kjelder, og eg har hatt god hjelp av Jon Gunnar Jørgensens utgåve av AB. Eg føler meg tolleg trygg på at lista ovanfor gjev eit korrekt bilete, og dette biletet er eintydig:

Alle identifiserte gardar under overskrifta "á Strind" i AB låg i Strinda og Malvik herad, bortsett frå ein gard: g.nr. 53 Kroppan i Tiller. Men dette var ikkje sjølve garden Kroppan, berre ein liten øydegard som Kroppan kan ha brukt, eller det kan vera namn på ein gard som er forsvunne eller som det ikkje har lukkast å identifisere, altså ein gard som ikkje har noko med Kroppan i Tiller å gjera. 53 Kroppan i Tiller høyrde også erkesetet til, men denne garden har AB

plassert under Gauldølafylket saman med dei andre eigedomane til erkestolen i Tiller herad.

Min førebels konklusjon blir at det geografiske området Strinda dekte herada Strinda og Malvik med kyrkjesoknene Lade, Bratsberg og Malvik. Ei innføring i AB kan skapa tvil om dette. Under Gauldølafylket står følgjande innføring: "Av Lien, Gudrun Sigurdsdotter på Hanberg [g.nr. 13 i Børsa] gav 1/2 spansleige i Bratsberg sokn i Klæbu år 1459." Dette må vera g.nr. 113 Lien i Strinda. Her blir eg usikker, hørde Bratsberg sokn til Klæbu i eldre tid? NG plasserer Bratsberg under Strinda og det same gjer "Trondhjems Reformats 1589", så det er ingenting som tyder på ei overføring frå Klæbu. Men J. Sandnes ser ut til å meine at det var slik. I "Ødetid og gjenreisning" (s. 10-11) diskuterer han det omstridde spørsmålet om Klæbu hørde med til det gamle Strindafylket, eit spørsmål eg skal koma tilbake til. Og han skriv: "Aslak Bolts jordebok regner opp flere gardar fra Bratsberg sogn av Klæbu under *Strind*". Dette stemmer ikkje heilt, for under *Strind* blir det ikkje sagt noko om at Bratsberg sokn hørde til Klæbu. Den einaste staden det blir sagt, er i innføringa om Lien. Til støtte for sitt syn nemner Sandnes også at Gaute i si jordebok fører opp 11 Stavlund i Klæbu under *Strind*; dette skal eg koma tilbake til nedanfor.

Seks av dei identifiserte gardane som AB fører opp under *Strind*, låg i Brats-

berg sokn, og eg held meg til NG og rek- nar Bratsberg med til Strinda herad. Og eg tek AB som eit sterkt indisium på at det geografiske området Strinda svarar til herada Strinda og Malvik.

I brevmaterialet frå mellomalderen er nemnt fleire gardar som låg "á Strind" eller "á Strindu", og alle låg i Strinda eller Malvik herad: g.nr. 123 Bruråk i Strinda ca. 1200 (DN 13, nr.1), 88-89 Blekkan i Strinda 1277 (DN 2, nr. 17), 1-2 Saksvik i Malvik 1359 (DN 2, nr. 288). Eit brev frå 1430 tyder på at Strinda var delt i to, Utstrinda og Innstrinda. I brevet (DN 5, nr. 422) blir det fortalt at erkebiskop Aslak var til stades på Lade og forhandla med bøndene om korleis dei skulle betala skatten mikkelskorn, og det blir sagt at bøndene kom både frå "Vtstrind" og "Instrind". Det same tek erkebiskopen opp att i jordeboka si og presiserer at det var etter samtykke frå bøndene, men det blir ikkje sagt noko om korleis grensa mellom Innstrinda og Utstrinda gjekk.

"Vtstrind" og "Instrind" tilsvarar truleg den seinare delinga i to tinglag, Oppstrinda og Innstrinda. Etter skattematrikkelen 1647 låg desse gardane i **Oppstrinda**: Av Strinda herad heile Bratsberg sokn, og av Lade sokn gardane frå og med g.nr. 42 Stokkan og oppover minus 51 Reitgjerdet og 56 Persaunet. I **Innstrinda**: Av Strinda herad Lade sokn frå og med 1 Lade til og med 36 Røstad og 38 Vikeraunet pluss Reitgjerdet og Persaunet, og heile Mal-

vik herad. Gardane mellom Røstad og Stokkan – 37 Røstadbakken, 39 Sæterbakken, 40 Fortuna og 41 Teslimyren – er nyare gardar som ikkje eksisterte i 1647, dei høyrer alle til Innstrinda. Skogs- og utmarksområdet mellom Stokkan og Røstad/Vikeraunet lagar på mange måtar ei naturleg grense mellom dei to tinglaga.

Elles er det av interesse å konstatere at Strinda i 1647 hadde same utstrekning – Strinda og Malvik herad – som "å Strind" hadde i kjeldene frå mellomalderen. Først i 1891 skilde Strinda og Malvik lag, då vart Malvik skilt frå som eige herad. Og fem år seinare vart Malvik også eige prestegjeld.

Når Sigvat skald i eit kvad kallar Olav den heilage "Strindas konge", må det vera det geografiske området Strinda han tenkjer på. Det kan vera to grunnar til at skalden brukte ordet Strinda: ordet passar inn i versemålet, bokstavrimet, og Strinda og dei andre bygdene langs Trondheimsfjorden var ein sentral og viktig del av riket til kongen: "Når stiv kuling strammet / seglet for Strindens konge."

Strindafylket

Det historiske Trøndelag - noverande Sør- og Nord-Trøndelag fylke minus Fosen og Namdalen - var i eldre tid inndelt i 8 fylke. Denne faste strukturen stod ved lag til fram på 1400-talet, men gjekk så gradvis i oppløysning. Strindafylket var eitt av desse fylka.



Bauta for "Strindar fylki" på Tinghaugen på Frosta. Her var tingstaden for Frostatingslag, opphavleg hovudting for dei 8 trønderfylka, seinare - kanskje på 1000-talet - utvida med tre nye fylke: Namdølafylke, Nordmørafylke (med Fosen) og Romsdølafylke. Ein dominerande minnestein for Frostatinget vart reist i 1914. I 1930 vart det reist 12 bautasteinar, ein for kvart av dei 11 fylka og ein for Oppdal, som etter Landslova frå 1274 hadde eigne utsendingar til tinget. Kvar bauta vender mest mogeleg mot "sitt" fylke. Frostatinget var representasjons-ting, og frå Strindafylket møtte 60 utvalde menn. - Dei 8 trønderfylka hadde òg sitt eige ting, Øyratinget, på Øyra ved munninga av Nidelva. Til skilnad frå Frostatinget var Øyratinget allting, der alle våpenføre menn kunne møte. Etter Frostatingslova var møtetida kvart år ein halv månad før Jonsok.
Foto: Ragnhild Lande.

Som nemnt deler AB Strindafylket inn i fire område: Leksvik, Frosta, Åsen og Strinda. Eg finn det sannsynleg at det var desse fire geografiske områda som utgjorde det gamle Strindafylket. Eg føreset at Strinda var delt i to rettskrinsar, Utstrinda eller Oppstrinda og Innstrinda, og at kvart av dei tre andre geografisk avgrensa områda – kvar bygd – utgjorde ein eller to rettskrinsar med eigne ting, tilsvarende heradstinget i Aust-Noreg og skipreidetinget i Vest-Noreg og på Agder. Innanfor fylkesorganisasjonen i Trøndelag får vi då ei rettsordning i fleire trinn: bygdeting, fylkesting, firefylkesting og åttefylkesting. Strindafylket var lite i utstrekning, men i fylket låg den sentrale garden Lade, her låg tingstaden for Øyratinget og for Frostatinget.

Etter Magnus Lagabøtes testamente 1277 (DN 4, nr. 3) var Strindafylket delt inn i åtte skipreider ("in provincium que dicitur Strindar fulke"), men denne inndelinga har ikkje sett noko merke etter seg i seinare kjelder.

Namnet skipreide har samanheng med den sjømilitære forsvarsordninga leidang og tyder eit område som skulle stilla eitt skip til leidangslåten. Ordninga kjenner vi frå detaljerte føresegner i Gulatingslova, og i den delen av Noreg som blir dekt av denne lova (Gulatingslag, dvs. Vestlandet og Agder), finn vi ei fast administrativ inndeling i skipreider. I Frostatingslag var leidangen organisert på ein annan måte enn i Gulatingslag.

Dei 8 trønderfylka

Inndelinga i herad etter NG bd. 14 (1901) og bd. 15 (1903):

Orkdølafylket: Orkdal, Meldal, Rennebu, Oppdal, Skaun, Børsa, Buvik, Byneset.

Gauldølafylket: Røros, Ålen, Haltdalen, Singsås, Budal, Støren, Soknedal, Horg, Hølonda, Flå, Melhus, Leinstrand, Tiller, Klæbu.

Strinda: Strinda, Malvik, Leksvik, Frosta, Åsen.

Stjørdølafylket: Meråker, Hegra, Skatval, Stjørdal, Lånke, Selbu, Tydal.


Verdølafylket: Verdal

Skeynafylket: Skogn, Frol, Ytterøy, Mosvik.

Eynafylket: Verran, Inderøy, Beitstad (minus Namdalseid).

Sparbyggjafylket: Sparbu, Ogndal, Egge, Stod, Snåsa, Lierne.

Dei skipreidene Magnus Lagabøtes testamente reknar opp (det var 57 i alt i dei åtte trønderfylka), var nye administrative einingar, ei ordning som truleg vart gjennomført av ein spesiell grunn: På Magnus Lagabøtes tid var leidangen i ferd med å bli omlagd til ein eigen skatt. Dette var den første faste skatten vi kjenner til i Noreg, og det var påkravt å ha faste krinsar for innkrevjinga. I alle dei 7 andre trønderfylka nyttar AB skipreider som inndelingseiningar, men dei vart ikkje varige administrative område, og som nemnt er det ikkje minne om dei i Strindafylket. Men dersom vi tenkjer



Side frå Aslak Bolts jordebok som viser starten på Strindafylket ("af Strinda fylke j Lexowik".)

Ordforkortingar i teksten er merkte med punktum. Eg tek ut dei fire første linene:

"Af østra gard. J Throndstad. V m. b., b. f. III spn.

Af ytra gard. J Throndstad. V m. b., b. f. III spn.

Af Leirstad. m.b. aut.

Af østra Aalaberge IX aura b., b. f. spn. "

Omsett: av den austre garden i Tronstad 5 markebol, bortbygsla for 4 spann (smør); av den ytre garden i Tronstad saman med 1 markebol øyde i Lerstad, 5 markebol bortbygsla for 4 spann; av austre Ålberg 9 aurabol bortbygsla for 1 spann.

Foto frå Arkivverket.

oss at ikkje berre Strinda, men også Leksvik, Frosta og Åsen var delte i to tingkrinsar, ville dei åtte skipreidene i Strindafylket vera identiske med dei åtte eksisterande tinglaga.

Det har vorte hevda at også Klæbu vart rekna til Strindafylket. Eg har ovanfor funne det lite sannsynleg at Klæbu høyrde med til det geografiske Strinda, og eg meiner at det er mest truleg at bygda heller ikkje høyrde med til Strindafylket. Det ulike synet på Klæbu har samanheng med at det er ei lakune (avsnitt som vantar) i AB. J. Sandnes er ein av dei som meiner at Klæbu var ein del av Strindafylket, men hans konklusjon er forsiktig: "Det er sannsynlig, men ikke sikkert at Klæbu ble regnet med til Strindafylket." Når eg fell ned på den motsette slutninga, at det er sannsynleg, men ikkje sikkert at Klæbu ikkje vart rekna med til Strindafylket, byggjer eg på ei samla vurdering av kjeldene. Eg finn ikkje mening i at Bratsberg sokn skulle høyra til Klæbu, og legg stor vekt på at så å seia alle konkrete opplysningar i AB og DN om gardar i det aktuelle området knyter desse gardane til Strinda og Malvik herad. Dessutan er det – så langt eg kan forstå – heilt unaturleg å rekna Klæbu med til Strindafylket, men ikkje Tiller. Både Sandnes og andre har plassert Tiller under Gauldølafylket, og slik plasserer også AB erkebiskopens eiendommar i bygda.

Strinda len og Strinda futedøme

Den gamle fylkesinndelinga vart som nemnt broten i stykke i seinmellomalderen, og frå andre halvpart av 1400-talet fekk vi ei oppdeling i len. I hovudsak bygde denne nye ordninga på den tidlegare fylkesinndelinga, men grensene mellom dei gamle fylka og dei nye lena veksla mykje. Til å börje med var lensskipnaden heller laus, men fram gjennom 1500-åra festa lena seg som faste underlen under Steinvikholm eller Trondheim hovudlen. I det eigenlege Trøndelag vart det sju underlen: Orkdal len, Gauldal len, Strinda len, Stjørdal len, Skogn og Verdal len, Inderøy len og Sparbu len. I tillegg kom så Nordmøre len (Nordmøre og Fosen) og Namdalen len. Lena gjekk seinare over til futedøme; Stjørdalen og Skogn/Verdalen vart då slått saman til Stjør- og Verdalen futedøme og Inderøy og Sparbu til Inderøy futedøme, og Fosen vart skild frå det tidlegare Nordmøre len, slik at det vart sju futedøme i alt under Trondheim hovudlen.

For Strinda vart endringane store ved overgangen frå fylke til len og seinare til futedøme. Leksvik, Frosta og Åsen vart overførde til det nye Stjørdalen len, og i staden fekk Strinda tillagt fire bygder frå Orkdølafylket – Skaun, Børse, Buvik og Byneset. Etter OE var det desse bygdenes saman med Strinda og Malvik som vart rekna for Strinda len. Seinare vart Klæbu, Tiller og Leinstrand overførde frå Gauldølafylket og Selbu og Tydal frå Stjørdølafylket, så Strinda futedøme

Erkebiskopens egedomar ca. 1430 og ca. 1530

Jordebøkene både til AB og OE har lister over det jordegodset som låg til erkebiskopen "Á Strind". Men det var store ulikskaper: Medan AB listar opp heile 59 gardar – 14 av dei ikkje identifiserte; "Ofstadbø" og "Grænbø" rekna for *ein* gard, Hommelvik – har OE i si liste berre 10 gardar, 9 av dei er identifiserte. Alle desse 9 gardane er også med i ABs liste, og eit langt stykke på veg kan vi gje forklåring på kvifor ikkje fleire av gardane i denne lista har kome med i den yngste jordeboka. AB fortel at då han kom til Nidaros, fanst det inga fullstendig jordebok over erkebispestolens egedomar. Han gjekk då i gang med eit storstilt oppsporings- og systematiseringsarbeid og fekk bokført alt som høyrde erkebispestolen til, også gardar som låg øyde og egedomar som hadde kome på avvegar. Eg reknar med at dei gardane som eg ikkje har greidd å identifisere – i alle fall stortyngda av dei – var egedomar som vart avskrivne i tida etter AB. Minst 12 av dei identifiserte gardane låg øyde i seinmellomalderen, dei fleste omtala som øydegardar alt i AB, og 3-4 mindre skyldpartar gjekk tapt. To ting kjem i tillegg: 10 av gardane i ABs liste var det ikkje erkebiskopen sjølv som fekk inntektene av, men kannikar ved domkapitlet, og 7 gardar hadde på OEs tid kome til Bakke kloster, truleg ved makeskifte. Dei 9 identifiserte gardane som OE bokførte, var alle i drift, og det var erkebiskopen sjølv som fekk inntektene av dei.

kom til å dekkje i alt 11 bygder frå fire av dei tidlegare fylka. Etter skattematrikkelen 1647 hadde Selbu/Tydal ei lausare tilknytning til Strinda futdøme.

Den administrative oppdelinga i futedøme heldt seg i meir enn 300 år, men vart avvikla etter at futeembetet vart oppheva med lov av 21. juni 1894. Futens oppgåver - vesentleg innanfor politi- og skattesektoren - vart overførde til andre.

Gautes jordebok frå 1491 er eit talande vitnemål om lensoppløysinga i seinmellomalderen. Jordeboka (eller rettare jordebøkene, det er fleire av dei) dekkjer berre den delen av Trøndelag som Gaute hadde i forlening, nemleg Eynafylket (Beitstaden prestegjeld og Inderøy prestegjeld), Sparbyggjafylket og Ver-

dølafylket, og i tillegg krongodset i Trøndelag. Jordebøkene fell i to avdelingar: oversyn over "stolsens landskyld" i dei bygdene som forleninga dekte, og lista over "konungx jorder i Trøndelagen". Andre avdeling, altså oversynet over krongodset i Trøndelag, har denne inndelinga: Inderøy fylke, i Verran, i Beitstaden, Verdals fylke, Skeyna fylke, Frosta prestegjeld, Leksvik, Åsen, "aa Strind", Orkdals fylke på Neset, Børsa, Skaun, Orkdalen, Meldalen, Rennebu, Oppdal. Under overskrifta "aa Strind" er innført desse gardane:

- 92 Leiren i Strinda ("Leiren" og "Sydre Leiren")
- 113 Lien i Strinda
- 128 Leirås i Strinda
- 8-10 Malvik i Malvik
- 22-23 Bjørnstad i Malvik

- 33 Herjuan i Malvik
- 35 Hønstad i Malvik
- 46 Stav i Malvik
- 11 Stavlund i Klæbu

Vi ser at alle gardane "aa Strind" låg i Strinda eller Malvik, bortsett frå den eine i Klæbu. Vi har sett at Sandnes tek Gautes plassering av Stavlund som eit indisium på at Klæbu hørde med til Strindafylket, saman med den eine innføringa i AB som omtalar *Bratsberg sokn i Klæbu*. Når eg ikkje kan gje mi tilslutning til dette, er det fordi det er så mykje som talar imot.

Medan Gautes jordebøker vitnar om at lensoppløysinga var på gang, er vi ikkje i tvil når det gjeld OE: Den tidlegare faste inndelinga i fylke har vorte avløyst av ei ny oppdeling i len. Jordeboka har ein eigen bolk som dekkjer Strinda len (s. 33-35), inndelt i fem grupper: "paa Strinden", "i Skognen", "paa Nesett" (Byneset), "af Budviken" og "af Børszenn". Gardane "paa Strinden" låg alle i Strinda og Malvik:

- 53-54 Moholt i Strinda
- 92 Leiren
- 112 Bjørke
- 11-12 Torp i Malvik
- 16-19 Leistad
- 22-23 Bjørnstad
- 35 Hønstad
- 46 Stav
- 54-55 Hommelvik
- "Lyraas"

Denne siste garden har eg ikkje greidd å identifisera. Nærast reint språkleg er 31 Leirås i Leinstrand, men det er heilt usannsynleg at denne garden skulle koma inn her. Leinstrand hørde til Gauldals len, og erkestolens eige domar i bygda er oppførde i ei eiga gruppa i OE. Som nemnt ovanfor plasserer OE også Klæbu og Tiller "j Gauldahl", altså i Gauldals len.

Strinda sorenskriveri

Med forordning 31. juli 1591 fastsette kongen at det i "hvert Sogn, som Stevner holdes", altså i kvar lokal rettskrins, skulle tilsetjast "en svoren Skriver", det vil seie ein person som hadde avlagt eid, og som såleis var klarert av lagmannen. Oppgåva hans skulle vera å "skrive og undervise de sex Lagrettesmænd". Lagrettemennene var bønder som hadde vore hjå lagmannen og avlagt eid, på same vis som skrivaren var dei "svorne", og det var kollegiet av lagrettemenn som utgjorde domstolen på det lokale tinget. Dette var starten på sorenskrivar-embetet. Tanken om ein skriver i kvar lokal rettskrins vart aldri følgt opp. To eller tre tingkrinsar kunne bli slått saman; dette var tilfellet på Agder, der t.d. Sand og Bringsvær skipreider – som begge var store i utstrekning – fekk skriver i lag. Meir vanleg var det at skrivaren fekk eit futedøme som embetsdistrikt. Såleis vart Strinda futedøme med Selbu/Tydal eige sorenskriveri, omtala første gong 1637. Selbu/Tydal veksla i den første tida mellom Strinda og Stjør- og Verdalen, men vart

frå 1797 fast knytt til Strinda. Strinda og Selbu sorenskriveri eksisterte som eitt embetsdistrikt fram til 1959. Då vart alle bygdene* bortsett frå Strinda herad overførde til det nye Mid-Trøndelag sorenskriverembete, og 5 år seinare, i samband med kommunesamanslåinga, vart Strinda lagt inn under Trondheim byrett.

Avrunding

Det er to hovudspørsmål eg har prøvd å finna svar på: kor stort område dekkjer Strinda når kjeldene skriv *på Strinda*? Og for det andre: Var Klæbu ein del av Strindafylket? Så langt munnar drøftingane mine ut i desse svara: "*á Strind*" dekkjer herada Strinda og Malvik, og Klæbu hørde ikkje til Strindafylket, men til Gauldølafylket. Før endeleg konklusjon er det likevel eit par problem som må drøftast noko nærare.

Det er ikkje tvil om at *Tiller* hørde til Gauldølafylket. Erkestolens eigedomar i Tiller plasserer AB under overskrifta "j Setnadalom". Setnadalir er eit gammalt bygdenamn, og det er omdiskutert kor vidt område namnet dekte, sjå NG bd

*. Herada: Leinstrand, Tiller, Klæbu, Selbu, Tydal, Malvik, Strinda, Byneset, Buvik, Skaun, Børsa og Geitastrand. Fram til 1905 var Geitastrand ein del av Børsa. Då vart bygda skild frå som eige herad og eiga kyrkjesokn under Børsa prestegjeld. Geitastrand var eige herad fram til 1963. Då vart bygda overført til Orkdal herad.

Sorenskriverembetet

Frå starten i 1591 var det meininga at den eidsvorne skrivaren skulle vera hjelpesmann for bøndene. Han skulle skriva referat frå tingsamlingane, syte for at det vart avsagt eintydige dommar og "undervise" lagrettemennene, som det heitte i instruksen. Bakgrunnen var at det året før, ved kgl. forordning av 27. juni 1590, hadde vorte fastsett at det lokale tinget skulle gå inn som ein fast underinstans i rettsapparatet, noko som kravde eintydige dommar. Det forbausar ikkje at det berre tok kort tid før skrivaren vart den dominerande personen på det lokale tinget. I 1624 fekk han status som meddomar, og utviklinga vart førd til endes med Christian 5.s Norske Lov frå 1687. Frå no av var sorenskriveren einedommar og lagrettemennene vart reduserte til rettsvitne. Ein vesentleg del av inntektene til sorenskriveren kom i form av sportlar (betaling for einskildtenester), med vekslande satsar for dei ulike embetshandlingane. Fleire stader fekk sorenskriveren utlagt eigen gard, fri for skatt og avgifter. Strinda og Selbu sorenskriveri hadde ingen embetsgard. I kjend tid hadde sorenskriveren kontor i Trondheim.

14, s. 375. Under "Setnadalom" fører AB opp 9 eigedomar, og 8 av dei ligg i Tiller: 43 Haugen, 46 Jesmo, 47 Kvennild, 53 Kroppan, 56-58 Sjetnan, 60-63 Tiller, "Rumastadhorn" under Sjetnan og "Skinhello" ikkje identifisert. Den niande garden er "Liidh" som må vera 113 Lien i Strinda (Bratsberg sokn). Eg har omtala denne garden ovanfor (s. 13).

AB seier direkte at Gudrun gav 1/2 spansnleige i Lien som låg i Bratsberg sokn i Klæbu. Som eg har gjeve uttrykk for ovanfor, er eg i tvil om korleis dette skal tolkast, sidan Bratsberg sokn i kjend tid har høyrte til Strinda. Men på eitt punkt støttar innføringa opp under det førebels svaret eg gav om Klæbu: Bygda høyrde til Gauldølafylket. Etter samanhengen er det også sannsynleg at Klæbu var ein del av Setnadalir. Ein ting til: Dersom Klæbu hadde vorte rekna med til Strinda, skulle vi ha venta å finna innføringa om 113 Lien saman med gardane "á Strind"; men innføringa står under "Setnadalom" i Gauldølafylket. Korleis vi skal forstå at Bratsberg sokn i denne einstaka innføringa er førd til Klæbu, og at Gaute plasserer 11 Stavlund i Klæbu under "Strind", kan eg ikkje gje fullnøyande svar på. Det må etter mi meining tilleggjast vekt at dette er to innføringar i jordebøkene som strir mot det stortyngda av kjeldene fortel.

Ein sidemerknad: Ovanfor (s. 10) er nemnt det makeskiftet som erkebiskop Aslak gjorde med abbed Erling i Nidarholm kloster. I dette makeskiftet fekk erkebiskopen 1 markebol i garden "Liidh". Denne garden har eg identifisert som 59 Lien i Malvik. I tillegg til "Liidh" galdt makeskiftet også "By" og "Medhalby", altså delar av Hommelvik i Malvik, og etter samanhengen er det då mest naturleg også å rekna "Liidh" til same bygda. Eg reknar også med at det er denne garden, 59 Lien i Malvik, som er omtala ein annan stad i AB med over-

syn over gardar som kyrkja åtte part i (1997-utgåva av AB, s. 197). Ein av desse gardane var "Liidh á Strind" bortbygsla for 1/2 øyre. Her kan det i utgangspunktet vera tvil om det kanskje kunne vera 113 i Bratsberg sokn, sidan dei andre gardane i Bratsberg sokn er plasserte på Strinda ("á Strind"). Men det vil bryta med at AB, som vi har sett, har plassert denne garden i Bratsberg sokn i "Setnadalom".

Jamvel om eg ikkje kan gje ei fullnøyande forklaring på det AB skriv om Bratsberg sokn i Klæbu og opplysninga i Gautes jordebok om at 11 Stavlund i Klæbu låg på Strinda, held eg på den førebels konklusjonen min:

Det er sannsynleg at "á Strind" gjeld Strinda og Malvik og at Klæbu høyrde til Gauldølafylket, ikkje til Strindafylket. Dei viktigaste punkta i grunngevinga mi er:

1. Tiller eller Setnadalir vart rekna med til Gauldølafylket, og då er det urimeleg reint geografisk at Klæbu skulle høyra til Strindafylket. Sjå elles drøftinga ovanfor.
2. Etter OE høyrde Klæbu til Gaudals len, seinare vart bygda rekna til Strinda futedøme. Ei overføring frå Strindafylket til Gaudals len og tilbake til Strinda futedøme verkar lite sannsynleg.
3. Bortsett frå dei to nemnde innføringane i AB og Gaute er kjeldene eintydige på at gardar som blir plasserte

"á Strind", låg i herada Strinda og Malvik. Det gjeld gruppene av gardar i AB, Gaute og OE, og det gjeld einskildopplysningar i DN.

Kva så med namnet Strinda? Det historiske Strinda dekte herada Strinda og Malvik, som var *ei* administrativ eining til 1891. Sett frå sjøsida er det kanskje ikkje unaturleg å seia at strekninga frå Hommelvik til Nidelva kan fortøna seg som ein strimmel eller ei stripe?

Kjelder og litteratur

Aslak Bolts jordebok (ca. 1433). Utgitt ved Jon Gunnar Jørgensen, Oslo 1997. (AB).

Diplomatarium Norvegicum, bd. 1-22, Christiania 1847-Oslo 1995. (DN).

Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne*, bd. 14, Kristiania 1901. (NG).

Norske lensrekneskapsbøker 1548-1567, bd. 6, Oslo 1939.

Olav Engelbrektsens jordebog (1533) med anhang erkebiskop Gautes jordebøger (1491), Oslo 1926. (OE, Gaute).

Skattematrikkelen 1647, bd. 14. Oslo – Bergen – Tromsø 1974.

Bratberg, Terje T. V.: *Trondheim byleksikon*, Annen utgave. Kunnskapsforlaget, 2008.

Trondhjems reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen, bd. 2. Utgitt ved Anne-Marit Hamre, Oslo 1983. Nettutgåve: Reformatsen av 1589 - adresse: www.arkivverket.no.

Sandnes, Jørn: *Ødetid og gjenreisning*, Oslo – Bergen – Tromsø 1971.

Steinnes, Asgaut: *Gamal skatteskippnad i Noreg*, bd. 2, Oslo 1933.

Halvard Bjørkvik, f. 1924, professor emeritus. Var dosent i historie ved Noregs Lærarhøgskule 1961-75, seinare direktør for Norsk Folkemuseum og professor ved Universitetet i Oslo. Formann i Landslaget for bygde- og byhistorie (Landslaget for lokalhistorie) 1970-79, redaktør for tidsskriftet *Heimen* i 2 periodar.

